



Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/387 - 18/3660

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
09.03.2018

Byggesak Gbnr 77/81 Solheim vestre - tomannsbustad - tomt 4 - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad av 16.02.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det står i føresegn til regulering § 2.8.1 at det for bustad skal vera minst 2 parkeringsplassar per bueining og maksimum 3 plassar per bueining. Siste mottatte situasjonsplan, datert 16.02.2018, viser 1 parkeringsplass per bueining. Det må utarbeidast ny situasjonsplan og eventuelle nødvendige berekningar av areal i søknad må endrast.
2. I opplysningar om tiltakets ytre rammer er det oppgitt 50 m² parkeringsareal på terreng. Situasjonsplan viser ein parkering på 18 m² til kvar bueining, totalt 36 m².
3. Då det søkjast igangsettingsløyve for graving, sprenging, oppfylling og planering må det i gjennomføringsplan førast inn dato for samsvarserklæring PRO for graving, sprenging, oppfylling og planering.
4. Det er ikkje samsvar i gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett angående når samsvarserklæringar/kontrollerklæringar skal føreleggja.
5. Det er ikkje samsvar mellom beskriving av ansvarsområde i gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett.
6. I søknad er det oppgitt at det gjeld gbnr 77/81, men i erklæring om ansvarsrett frå Bjørn Dale og i situasjonsplan står det gbnr 77/80.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------------|----------------|------|--------|
| Helland Eiendom & Invest AS | Idrettsvegen 3 | 5936 | MANGER |
|-----------------------------|----------------|------|--------|

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------|-----------------|------|--------|
| Terje J Ledahl AS | Nordnesveien 21 | 5005 | BERGEN |
|-------------------|-----------------|------|--------|